



Masfjorden kommune

-ein kommune me er stolte av-

Olje- og energidepartementet
Postboks 8148 Dep
0033 Oslo

BKK NETT AS – 300 .(420) KRAFTLEIDNING MONGSTAD - MODALEN

Melding om vedtak:

SAK 06/14 Vedtak frå Kommunestyret i Masfjorden den 06.02.14:

Masfjorden kommune krev at OED gjev BKK konsesjon til å kable 132 kV lina frå koplingsanlegget frå Matre kraftstasjon til ny planlagt høgspenninglinje. Eksisterande trase blokkerer no byggjeklart næringsareal i kommunen sitt regulerte næringsområde og bustadhus kjem i faresona.

Masfjorden kommune krev at OED gjev BKK konsesjon til å kable 300 (420) kV linje frå nordsida av FV-570 til koplingspunkt for sjøkabel i Ildalsvågen. Trase for sjøkabel frå Ildalen til Fensfjorden må plasserast slik at den ikkje hindrar allmenn ferdsel til sjø i området.

Masfjorden kommune ber NVE prioritera utforming av skulpturmast i Kråkehaugane ved Sleirsvatnet.

Dette skjedde i møtet:

Vedtaket var t samrøystes vedteke.

Masfjordnes 11.02.2014

Sveinung Toft
Ass. rådmann

Kopi:

Nina Helene von Hirsch nh@oed.dep.no

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FA - T21	14/107

Saksnr	Utval	Type	Dato
09/2014	Formannskapet	PS	23.01.2014
06/2014	Kommunestyret	PS	06.02.2014

BKK Nett AS - 300 kv kraftleidning Mongstad - Modalen

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Masfjorden kommune har motteke brev dagsett 09.10.2012 frå Olje- og energidepartementet, der høyringsinstansar vert invitert til å koma med merknad til NVE si innstilling av 30.09.13 som gjeld BKK Nett AS om ny 420 kV kraftleidning mellom Modalen til Mongstad. Det vart den 26.11.13 sendt søknad om utsetting av frist for å koma med merknad på innstillinga, og denne vart difor endra til 06.02.2014 av OED.

I NVE si innstilling, sjå vedlegg, vert det slått fast at linja er viktig for forsyningstryggleiken til Bergensområdet, og at omsøkt kraftleidning med trafoanlegg er den beste løysinga for å sikra dette. Leidningen vil og leggja til rette for tilknytning av fornybar kraftproduksjon, og vil ha ein kostnad på om lag 900 millionar kroner. Etter NVE si innstilling vil følgjande kombinasjon av trasealternativ gje minst verknader for ålmenta: 2.0 – 3.0 – 1.1A – 2.0 – 2.2 – 2.3 -2.4A – justert alternativ ! – 3.3 – 1.0 – 1.6 – 3.4b. Innstilt trase er vist på vedlagt kart oversendt av BKK den 06.12.2013.

Leidninga vil inntil vidare verta køyrt med 300 kV spenning. I Masfjorden innstiller NVE at det vert ny trafostasjon sør for Haugsværvatnet, og det vert tilrådd utviding av Frøyset trafostasjon. Denne skal opna for netttilknytning til to konsesjonsgjevne vindkraftverk i Gulen kommune, Bråsviksåta og Dalsbotnfjellet. På strekninga frå Matre til Frøyset skal den eksisterande 132 kV- linja rivast, og verta erstatta av den nye linja. Når Frøyset trafostasjon vert utvida, kan eksisterande 132 kV- linja frå Frøyset til Mongstad verta fjerna.

Det vert vidare vist til kommunestyresak 008/13 den 21.02.2013, når saka var på høyring sist, og kommunestyret gjorde då eit vedtak som innehald mange punkt om både alternative traseval og avbøtande tiltak. Denne vedtaket er vist nedunder med rådmannen sin kommentar i kursivtekst i høve måloppnåing, jf. NVE si innstilling:

Masfjorden kommunestyre har handsama tileggsutgreingar og tilleggssøknadar dagsett 6.12.2012 og har fylgjande merknader og krav til kompenserande tiltak i samband med dei inngrep som kraftlinja påfører lokalsamfunna i kommunen.

- Masfjorden kommune har ikkje merknader til omsøkt alternativ 3.0, ny trase som knyter alternativ 2.0 og 1.1a i Stølsheimen saman.
Til orientering.
- Høgdedraget Gråsida, med mykje turutfart og friluftsliv, er visuelt eksponert frå mange kantar, og Masfjorden kommune finn det i utgangspunktet uheldig at kraftlina skal kryssa over her, - uansett alternativ. Er det likevel uråd å unngå dette, vil Masfjorden kommune prioritera alternativ 3.1A framfor 3.1B.
Masfjorden kommune krev at kraftlinja ikkje vert ført ned i Øvredalen.

NVE har innstilt alternativ 3.1.A.

- Masfjorden kommune krev at NVE prioriterer det omsøkte alternativet 3.2 ved Haugsvær.
NVE har ikkje høyrdd på kommunestyret her.
- Masfjorden kommune vil be NVE prioritera det omsøkte alternativet 3.3. mellom Eikemo og Gunnarbuøyra. Masfjorden kommune vil påpeike at det må visast omsyn til landskap og nærleik til Mollandstølen ved plassering av mastepunkt på strekninga.
NVE har innstilt 3.3.slik kommunestyret ba om.
- Masfjorden kommune ber NVE prioritera utforming av skulpturmast i Kråkehaugane ved Sleirsvatnet.
NVE har ikkje høyrdd på kommunestyret her.
- Masfjorden kommune krev at NVE gjev BKK konsesjon til å kable 300 (420) kV linje frå nordsida av FV-570 til koplingspunkt for sjøkabel i Ildalsvågen. Trase for sjøkabel frå Ildalen til Fensfjorden må plasserast slik at den ikkje hindrar allmenn ferdsel til sjø i området.
NVE har ikkje høyrdd på kommunestyret her.

Masfjorden kommunestyre er glad for den vilje som NVE viser med tilpasningar av linjetrasear på bakgrunn av lokale innspel og synfaringar langs traseen. Linjetraseen vil likevel utgjere eit svært stort inngrep i turterrenget i fjellheimen, både i ytre delar av kommunen og i tilknytning til Stølsheimen. I tillegg vil traseen påverke kvardagen til mange av lokalsamfunna i kommunen, og kommunen krev difor at NVE pålegg utbyggaren fylgjande kompenserande tiltak:

- Masfjorden kommune krev at NVE gjev BKK konsesjon til å kable 132 kV lina frå koplingsanlegget på Matre, gjennom Grøn Næringspark Matre, som eit kompenserande tiltak. Denne linja blokkerer no byggjeklart næringsareal.
Rådmannen vil visa til at NVE ikkje har høyrdd på kommunestyret her.
- BKK har konsesjonssøkt ny koplingsstasjon på Haugsværdalen. Masfjorden kommune krev at NVE pålegg BKK planlegging og tilrettelegging av heile området i Haugsværdalen til føremålet industriareal som eit kompenserande tiltak. Ein turveg med min. 2 m bredde mellom bustadområda Haugsvær og Trodal må vere ein del av tilrettelegginga.
Rådmannen vil visa til at NVE ikkje har høyrdd på kommunestyret her.

Masfjorden kommune krev at NVE gjev BKK konsesjon til å kable 22 kV linja som går frå koblingsstasjon ved Haugsvær til Trodalen, subsidiert å flytte luftlina bort frå byggjeklart bustadområde som eit kompenserande tiltak.

Rådmannen vil visa til at NVE ikkje har høyrd på kommunestyret her.

Masfjorden kommune krev at NVE gjev BKK konsesjon til å kabla 22 kV linja som går gjennom bustadfeltet på Haugsvær som eit kompenserande tiltak. Ei kabling her vil frigjera byggjeklare bustadtomtar.

Rådmannen vil visa til at NVE ikkje har høyrd på kommunestyret her.

Kabling i Ildalen er eit kompenserande tiltak framfor å føre linjetraseen vidare over Steinsfjellet til Postvågen i Gulen kommune. Arealet i Ildalsvågen har allmenn samfunnsinteresse for tilkomst til sjø og Masfjorden kommune ber NVE pålegge BKK, som eit kompenserande tiltak å planlegge kabling av 300 kV(420)kV linja slik at den ikkje hindrar framtidig allmenn tilkomst frå fylkesvegen og til området.

Rådmannen vil visa til at NVE ikkje har høyrd på kommunestyret her.

Vurdering

Ut frå ei samla vurdering meiner rådmannen at NVE har vist vilje til tilpassingar av linjetrasear på bakgrunn av lokale innspel og synfaringar langs traseen. Linjetraseen vil likevel utgjere eit svært stort inngrep i turterrenget i fjellheimen, både i ytre delar av kommunen, ved Matre og Haugsvær og i tilknytning til Stølsheimen. Den planlagde høgspenlinja vil påvirke kvardagen og landskapet til mange av lokalsamfunna i kommunen, og kommunen ber difor at OED pålegg utbyggaren fylgjande to tiltak som etter vår vurdering vil ha størst positiv effekt i høve lokalsamfunnet i Masfjorden. Det eine er ved Matre, det andre tiltaket er ved Ildalsvågen. Begge desse punkta var med i vedtaket då kommunestyret hadde saka opp i februar 2013.

OED bør etter rådmannen si vurdering gje BKK konsesjon til å kable den nye 132 kV lina frå koplingsanlegget på Matre kraftstasjon, som skal gå gjennom næringsområdet på Matre, og vidare til den nye 420 kV linja. Årsaken til dette er at ei ny høgspenlinje på denne staden vil hindra utvikling av byggjeklart næringsareal, og dessutan vil ei linje i luft her ha store uheldige miljøpåverknader i eit område som kommunen ønskjer å utvikla vidare, jf. eit av tre utpeikte tettstadar i kommuneplanen sin samfunnsdel av 31.mai 2012. Ein meiner difor at samfunnsnyttan ved å leggja leidningen i kabel er større enn ekstrakostnadane dette vil påføra netteigar og i siste instans abonnentane. Ein presiserer at dette tiltaket er eit nytt tiltak, og ikkje er eit kompenserande tiltak som tidlegare definert i kommunestyret sitt vedtak av 21.02.2013.

OED bør vidare gje BKK konsesjon til å kable 300 (420) kv linje frå fv 570 til koplingspunkt for sjøkabel i Ildalsvågen. Dette fordi arealet i Ildalsvågen har allmenn samfunnsinteresse for tilkomst til sjø, og fordi det er regulert inn to nye byggjefelt nært opp mot denne staden. Ein luftleidning på denne staden vil påvirke landskapet så sterkt, at det er stor sjanse for at bustadfelta ikkje vil verta utvikla på grunn av denne. Masfjorden kommune meiner at ein luftleidning på denne staden ikkje vil ha ein akseptabel miljø og arealmessig påverknad på nærområdet, og at det difor er stor samfunnsnytte å leggja denne strekninga i kabel.

Dei andre punkta som NVE ikkje har innstilt meiner rådmannen at kommunestyret kan drøfta nærmare om det er rett å prioritera å ha med i denne sluttrunden. Det vert presisert at kommunestyret står fritt til å koma med fleire punkt som merknad til OED si vidare slutthandsaming.

Konklusjon

Framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune krev at OED gjev BKK konsesjon til å kable 300 (420) kV linje frå nordsida av FV-570 til koplingspunkt for sjøkabel i Ildalsvågen. Trase for sjøkabel frå Ildalen til Fensfjorden må plasserast slik at den ikkje hindrar allmenn ferdsel til sjø i området. Masfjorden kommune krev at OED gjev BKK konsesjon til å kable 132 kV lina frå koplingsanlegget frå Matre kraftstasjon til ny planlagt høgspenlinje. Eksisterande trase blokkerer no byggjeklart næringsareal i kommunen sitt regulerte næringsområde.

Formannskapet - 09/2014

FS - handsaming: